



Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 13.12.2018
Møtestad: Konferanserommet
Møtetid: 09:00 - 15:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Tom Kristian Thorsen	SO	Ordfører	
Linda Neset	SO	Medlem	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Medlem	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	
Sigmund Vikane	SO	Medlem	
Robert Helland	SO	Medlem	
Kristin Nåmdal	SA	Varaordfører	
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	
Kjetil Eikefet	SA	Medlem	
Roger Wilhelm Fure	SA	Medlem	
Anne Britt Almelid	SA	Medlem	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Frank Stian Steinsland	SO	Medlem	Meldt forfall
Svanhild Moberg Nordaas	SA	Medlem	Meldt forfall

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle	Merknad
Trude Langedal	SA	Varamedlem	vara for Svanhild M Nordaas

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Møtesekretær	
Magne Verpelstad	kommunekasserar	Administrasjon	
Ove Sæbø	Assisterande rådmann	Administrasjon	
Tone Selmer Skuggevik	Teknisk sjef	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
048/2018	Godkjenning av innkalling og sakliste
049/2018	Godkjenning av møtebok
050/2018	Referatsaker
051/2018	Orienteringssaker
052/2018	Felles NAV-kontor - endring av vilkår for ta del i samarbeidet.
053/2018	Framlegg møteplan våren 2019
054/2018	Justering investeringsbudsjett 2018
055/2018	Budsjett og økonomiplan 2019 - 2022
056/2018	Vertskommuneavtale - NAV Fensfjorden
057/2018	Fullmakt rettsmekling

Notat frå møtet:

048/2018: Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

049/2018: Godkjenning av møtebok

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

050/2018: Referatsaker

Behandling:

Sigmund Vikane orienterte på vegne av kontrollutvalet:

- kort om revisjonsrapport selskapskontroll Modalen Næringsbygg AS, samt oppstart av forvaltningsrevisjon spes.ped.oppfølging i skule.

- oppfordrar til at det vert gjort grundig vurdering av habilitet med omsyn til m.a. vindkraftrelaterte saker. Ber om at det vert vurdert kurs/kompetanseheving for kommunestyremedlemmar m.o.t. habilitetsvurdering. Kommunestyret slutta seg til dette. Ordførar vil undersøkje aktuelle kurs, med sikte på at dette bør komme tidlegast mogleg vår 2019.

Vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

051/2018: Orienteringssaker

Behandling:

Kristin Nåmdal: Brev sendt frå Modalen kommune til Hordaland fylkeskommune vedr. vegutbetring. Dette må registrerast inn i KS som referatsak.

Ordførar: Vegstrekke Mo - Straume. Brøyteoperatør Modalen-Eksingedalen Billag (underlevandør) ynskjer ikkje lenger å brøyte strekke grunna dårleg vegstandard grunna risiko for øydelegging av brøyteutstyr. Saka vert arbeidd med, uklart kva utfallet vert pr. d.d. Ordførar luftar for KS mogleg forskottering til utbetring frå Modalen kommune, med tilbakebetaling innanfor 3 - 6 mnd. KS er positive. Nåmdal: Ber ordføraren ta tak i saka umiddelbart m.a. med omsyn til beredskapsperspektiv.

Håvard Engeseth: Ynskjer tilbakemelding på kva tidlegare løyvde midlar til parkanlegg på Øvre Helland og i båthavna på Otterstad vart brukt til, ca. 350 000,-. Teknisk sjef Tone S Skuggevik orienterte. Viser i tillegg til årsmelding. Innkjøp av grillar, møblar, innleige av gartnar til rydding av park, ny port, samarbeidet med vellaget på ØH. Brukt ca. 350 000,- til saman.

Liv-Anne Aanesen: NGIR vil ta innsamling av hushaldningsavfall sjølve framover - vert ikkje lyst ut på anbod. Styret avgjorde dette denne veka.

Ordførar: Status Modalen nærings- og tenestesenter: styringsgruppa må bli samde om styringsdokument som skal sikre vidare framdrift. Skisseprosjekt m.m. vil bli inkludert. KS ynskjer at styringsdokumentet og drøftingar knytt til dette vil komme som KS-sak i januar 2019.

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

052/2018: Felles NAV-kontor - endring av vilkår for ta del i samarbeidet.

Behandling:

Assisterande rådmann og rådmann orienterte om saka og svara på spørsmål. I saksutgreiinga er det kome med eit punkt frå utkast til vertskommuneavtale som har blitt endra i den endelege versjonen som vert handsama i sak 056/2018. Dette gjeld plassering av evt felleskontor. I utkastet, som er henvist til i denne saka, er Sløvågområdet nemnt som mogleg plassering av felles hovudkontor. Dette som gjeld konkret plassering av felles hovudkontor er tatt ut av den endelege vertskommuneavtalen, og er såleis ikkje tatt avgjerd om enda. Samrøystes vedteke

Vedtak:

Vilkår nr 5 i vedtak frå sak 037/2018 «Etablering av felles NAV-kontor med Masfjorden kommune og Gulen kommune» vert annullert.

Vilkårstekst som vert annullert :

"Det skal vere min. 1 dag i veka kor NAV-kontor i Modalen skal vere bemanna slik at kommunen sine brukarar kan komme innom, evt. etter avtale."

053/2018: Framlegg møteplan våren 2019

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Framlegg til møteplan for våren 2019 vert vedteke slik den ligg føre

054/2018: Justering investeringsbudsjett 2018

Behandling:

Økonomisjef Magne Verpelstad orienterte kort om saka og svara på spørsmål
Samrøystes vedteke

Vedtak:

Investeringsbudsjettet for 2018 vert justert slik:

Budsjettskjema 2B:

Rassikring	auke kr 500 000	(til kr 500 000)
TV-løysing Modalstunet	auke kr 103 000	(til kr 103 000)
Nærings- og tenestesenter	auke kr 250 000	(til kr 250 000)
Ladestasjon	auke kr 100 000	(til kr 500 000)

Oppgradering flytebryggja	auke kr 303 000	(til kr 553 000)
Oppgradering fellesareal Modalstunet	reduksjon kr 603 000	(til kr 1 103 000)

Skjema 2A:

Inntekt/finansiering:

Mva-kompensasjoninntekt	auke kr 100 000	(til kr 700 000)
Tilskot/overføring frå andre	auke kr 303 000	(til kr 403 000)
Bruk av byggjefond	auke kr 250 000	(til kr 250 000)

Lån:

Utlån (formidlingslån)	auke kr 2 300 000	(til kr 2 600 000)
Bruk av lån (formidlingslån)	auke kr 2 300 000	(til kr 2 600 000)

055/2018: Budsjett og økonomiplan 2019 - 2022

Behandling:

Økonomisjef Magne Verpelstad gjekk gjennom budsjett og økonomiplan, og svara på spørsmål Sigmund Vikane ba om orientering knytt til kommunepsykolog, lærarnorm barnehage. Ba om orienteringar om korleis kundetorget skal handtere økonomi- og kulturfunksjon, manglande kultursjef, samt vakante stillingar. Rådmannen orienterte.

Gjennomgang investeringsbudsjett: Teknisk sjef Tone S Skuggevik orienterte om flytebryggjeprojekt. Rådmannen orienterte om avsatt sum til Modalstunet, adm forhold seg til 1,7 mill. Ass. rådmann orienterte kort om kutt knytta til modalsdagane, samt resultat av løyvingar frå næringsfondet. Kjem tilbake til KS med rapport om status for verksemder/personar som har fått tilskot/lån frå næringsfondet 2017.

Ordførar orienterte kort om tursti/-løype langt elva. Ingenting konkret føreligg p.d.d.

Teknisk sjef: Svara på spørsmål frå Liv Anne Aanensen at lys-/lampepunkt mellom skulen og Kyrkjeteigen kjem i 2019.

Handsaming etter pause/gruppemøte:

Håvard Engeseth fremma forslag til vedtak barnehagesats + redusert kutt på skule m/ kr. 150 000,-. Ordførar tok rådmannen sitt framlegg, med Håvard Engeseth sine to tilleggsframlegg opp til votering. Samrøystes vedteke

Vedtak:

5. Modalen kommune sitt budsjett og økonomiplan 2019-2022 vert vedteke slik det ligg føre i tråd med budsjett- og økonomiplandokumentet, med to unntak som vert konkretisert i pkt 5/6 og 7
 6. Eigedomsskatt 2019:
 1. For eigedomsskatteåret 2019 vert det skriva ut eigedomsskatt med heimel i eigedomsskattelova § 3 fyrste ledd bokstav c: «berre på Kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum».
 2. Den alminnelege eigedomsskattesatsen i Modalen kommune er 7 promille, jfr eigedomsskattelova § 11 fyrste ledd
 3. Eigedomsskatten for 2019 forfell til betaling i 2 terminar: 31. mars og 30. september, jfr eigedomsskattelova § 25
 4. Klagenemnda for eigedomsskatt har kompetanse til å handsama klager etter § 19 i eigedomsskattelova, jfr § 20 i eigedomsskattelova.
 5. Det skal utførast ny alminneleg taksering 2019
 3. Låneopptak frå Husbanken til vidareformidling vert fastsett til kr 1 000 000 for 2019. Rådmannen har fullmakt til å gjennomføre låneopptaket.
 4. Låneopptak til finansieringa av investeringar 2019 vert fastsett til kr 7 500 000 for 2019. Rådmannen har fullmakt til å gjennomføre låneopptaket.
 5. Betalingssatsar for 2019 vert vedteke i tråd med vedlegget: Modalen kommune – Betaling for kommunale tenester 2019, med unntak av betalingssats for barnehage.
 6. Foreldrebetaling i barnehage auker tilsvarende statens satser, differansen mellom dagens sats og makspris blir opprettholdt.
 7. Skulens kutt blir redusert fra 350 000,- til 200 000,-
Endring blir finansiert av mindre overskudd i drift
-

056/2018: Vertskommuneavtale - NAV Fensfjorden

Behandling:

Assisterende rådmann orienterte om saka og svara på spørsmål
Samrøystes vedteke

Vedtak:

Modalen kommune godkjenner vertskommuneavtale om NAV Fensfjorden mellom kommunane Gulen, Austrheim, Fedje, Masfjorden (vertskommune) og Modalen slik han ligg føre.

057/2018: Fullmakt rettsmekling

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Ordfører, varaordfører og rådmann saman med advokat representerer Modalen kommune i rettsmekling. Dei får fullmakt av kommunestyret til å møte, forhandle og inngå forlik i saka.
